

Hordaland fylkeskommune  
Att. Samferdselavdelinga  
Postboks 7900  
5020 Bergen

Knarvik 24. november 2015

## **Uttale til planprogrammet for Regional Transportplan Hordaland (RTP) 2018 – 2029**

Regionrådet i Nordhordland vil gje ein samla uttale til planprogrammet med høyringsfrist 27. november 2015. Uttalet har vore handsama i vårt Nærings- og samferdsleutval og i Regionrådet. Regionrådet synest det er positivt at fylkeskommunen startar opp arbeidet med revisjon av Region transportplan (RTP), og vil peika på dei viktigaste prioriteringane for regionen som må koma med i planprogrammet for RTP i perioden 2018-2029. Kommunane i regionen står fritt til enkeltvis å gje uttale til planprogrammet.

Dei viktigaste prioriterte tiltaka:

### **Omkøyringsmogleheter**

Det er i planprogrammet peika på utgreiingsbehov i høve til overordna fylkesvegnett. Regionrådet gjer merksam på at omkøyringsmogleheitene til E39 gjennom Nordhordland ikkje er tilfredsstillande. Det finnест ikkje omkøyringsalternativ dersom Nordhordlandsbrua vert stengt. Det inneber i praksis at all trafikk mellom Nordhordland og Bergen vert stansa, noko som vil vera svært alvorleg med omsyn til å koma seg fram og i forhold til tryggleik- og beredskapsomsyn.

I tillegg vil ei stenging av E39 i Romarheimsdalen medføra stor belastning på fylkesveg 57 som allereie er ei særbar strekning. Regionrådet ber om at desse punkta kjem med i utgreiingsarbeidet fylkeskommunen skal gjera i høve til utfordringane kring omkøyringsmogleheitene.

### **Fylkesvegnettet**

Regionrådet meiner at fylkesveg 57 må tilbakeførast som riksveg. Vidare vil me peika på at det er naturleg at den ytre kyststamveg, som fylkesveg 57 er ein del av, får eit samanhengande vegnummer. Regionrådet vil tilrå at fylkeskommunen startar ei utgreiing og tilrettelegging for at dette kan gjennomførast.

Når det gjeld strekningsmessige utbyggingstiltak, vil Regionrådet først og fremst peika på at viktigaste prioritet i Nordhordland, er å sikre at tiltaka i Nordhordlandspakken vert prioritert i planen.

Alversund bru er ein flaskehals på Rv 565. Brua må løftast fram slik at planarbeid og overslag kan utarbeidast.

Sambandet Vest og bru i Masfjorden (Masfjordsambandet) må verta prioritert i forhold til oppstart av formell planprosess.

## **Utgrei effektiv ferjedrift**

Det er ikkje peika på utgreiingsbehov i samband med ferjedrift, utover det som vert ivareteke i anbodsprosessen. Me viser her til innspel me sendte Skyss vedr justeringar ferjeanbod 23. september 2015. Regionrådet vil tilrå at fylkeskommunen ser på moglegheitene for å ta i bruk ny teknologi for ferjer / hurtigbåtar. Me ber også om at det vert prioritert tiltak for å sikra ei effektiv ferjedrift mellom Leirvåg og Sløvåg.

El-ferje på sambandet Valestrand – Breistein må sikrast for framtida. Dette er særsviktig for Osterøy og samarbeidet mellom Osterøy og Nordhordland – ikkje minst i høve til Samhandlingsreforma og felles IKT-tjenester for kommunane i regionen - dei viktigaste prosjekta som regionen samarbeider om.

Kveldsavgang for ferja til Fedje er særsviktig for dei som jobbar kveldsskift utanfor kommunen. Regionrådet ber om at kveldsavgangen vert sikra for framtida.

## **Finansieringsformar inkludert ferjeavløysingsmidlar**

Regionrådet ser svært positivt på det som står i kap. 5.5. «Finansiering» og at temaet ferjeavløysingsmidlar får spesiell merksemd, og at ein skal kartleggja og vurdera finansieringspotensialet i den framtidige ordninga med ferjeavløysingsmidlar. Regionrådet ber om at ein nyttar Masfjordsambandet som konkret døme i denne delen av planarbeidet, og vil peika på at dette tiltaket og kan ha overføringsverdi for andre liknande ferjeavløysingsprosjekt i Hordaland.

## **Organisering og prosess**

Regionrådet ber om at det i planprogrammet på side 24 under Temagrupper vert konkretisert behovet for ei eiga temagruppa som skal arbeida konkret med det siste punktet under utgreiingsbehov i kap 5.5, der det står: «Kartleggje og vurdere finansieringspotensialet i den framtidige ordninga med ferjeavløysingsmidlar (alternativ bruk av ferjesubsidiar) for aktuelle ferjesamband i fylket.»

Organisering av ei slik temagruppe bør etter vår vurdering koma tidleg i arbeidet med RTP, slik at kunnskapen om denne nye aktuelle finansieringsforma, (samt med lokal vilje til finansiering) vert lagt til grunn for arbeidet med utforming av både delmål og strategiar i plandokumentet, samt når det framtidige handlingsprogrammet vert utforma.

## **Vedlikehald:**

Det er stor trøng for vedlikehald på fylkesvegane i Nordhordland. Nordhordland er regionen med dei lengste samanhengande strekningane der det er ein-felts køyrebaner og generell dårlig vegstandard.

## **Trafikksikring:**

Sikra oversiktlege trafikktilhøve, som gang og sykkelveger i kommunesentre og ved skuler / barnehagar.

## **Ras-/skredsikring**

Prioriterte tiltak frå regionen er å sikra Bruvikvegen på Osterøy, strekninga Modalen – Dale, Austfjordvegen og Masfjordvegen.

## **Kollektivtransport**

Pendlarrutene for buss må tilpassast til dei nye buområda i dei ulike kommunane.

Båtrute Nordhordland – Bergen treng gode korrespondansetilhøve med anna kollektivtrafikk. For at dette skal fungera må rutetider koordinerast med anna kollektivtrafikk på dei tre stoppestadane Knarvik kai, Frekhaug kai og Strandkaien.

Me vil og varsle i uttalen at det er trøng for ei gjennomgang av skulerutene i regionen.

## **Sjøtransport:**

Me vil peika på Mongstad sine kvalitetar og fortrinn som ny godshamn for Bergensområdet.

Regionrådet sendte uttale til Regional transportplan 2014-2023. Mange av prioriteringane frå den gong er med no også då dei framleis gjeld.

Med venleg helsing

*Karstein Totland*  
Karstein Totland  
Leiar  
Regionrådet Nordhordland

*Rune Heradstveit*  
Rune Heradstveit  
Dagleg leiar  
Nordhordland Utmeplingselskap IKS

Kopi: Kommunane i Region Nordhordland